

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Pål Kårbø, KrF, sette på vegner av KrF, Sp, A, MDG, V, Frp, H og SV fram slik protokollmerknad:

«Fylkesutvalet er kjend med lokal uro over evt konsekvensar for det enkelt prosjekt i høve forenklinga og samordninga av takstane inn i nytt nasjonalt takstsystem.

Fylkesutvalet bed om at ein greier ut ordninga med passeringstak i lag med involverte kommunar og Ferde. Ein bed om at at det vert lagt opp til ei snarleg evaluering som avdekker om takstendringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar for det einskilde prosjekt.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tilbudet frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Hardangerbrua AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere aksjekjøpsavtalen med Ferde AS.

Protokollmerknad frå av KrF, Sp, A, MDG, V, Frp, H og SV

Fylkesutvalet er kjend med lokal uro over evt konsekvensar for det enkelt prosjekt i høve forenklinga og samordninga av takstane inn i nytt nasjonalt takstsystem.

Fylkesutvalet bed om at ein greier ut ordninga med passeringstak i lag med involverte kommunar og Ferde. Ein bed om at at det vert lagt opp til ei snarleg evaluering som avdekker om takstendringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar for det einskilde prosjekt.